

Møteprotokoll

Utval: Vestlandsrådet - arbeidsutval
Møtestad: Digitalt møte
Dato: 14.03.2024
Tid: kl 09:00 - 10:00

Faste medlemer som møtte:

Anders Riise
Ole Ueland
Jon Askeland

Funksjon

Leiar
Medlem
Medlem

Representerer

H
H
SP

Frå administrasjonen møtte:	
Gunn Claire Westad	
Gunn Randi Seime	(for Toril Hovdenak)
Rune Haugsdal	
Thorbjørn Aarethun	
Lasse K. A. Hansen	
Thomas Finnøy	

Saksliste

Saksnr	Sakstittel
GP-	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-02/24	Politisk plattform for Vestlandsrådet 2024-2027
PS-03/24	Organisering av Sekretariatsfunksjonen
PS-04/24	Endringar i Samarbeidsavtalen
PS-05/24	Neste møte i Vestlandsrådet - innhald og saksliste
PS-06/24	Deltaking Arendalsveka
PS-07/24	Byregionane – hovudtema på møte i Vestlandsrådet 21.08.2024
PS-08/24	Møteplan for AU 2024

Møtet vart heva kl. 10:00

PS 02/24 Politisk plattform for Vestlandsrådet 2024-2027

Vestlandsrådet - arbeidsutval 14.03.2024

Innstilling:

Vestlandsrådet AU stiller seg bak forslaget til endringer i den politiske plattformen for Vestlandsrådet som vist i saksframlegget, og ber om at dette vert lagt fram for Vestlandsrådet til endeleg handsaming.

PS 03/24 Organisering av Sekretariatsfunksjonen

Vestlandsrådet - arbeidsutval 14.03.2024

Innstilling:

- 1.Vestlandsrådet AU stiller seg bak tiltaka iverksett av administrasjonen med fast fordeling av administrative oppgåver til fylkeskommunane. I tillegg vil kvar fylkeskommune utpeike ein fast kontaktperson knytt til virket i Vestlandsrådet. Dette vil være eit godt bidrag til auka kontinuitet.
- 2.Vestlandsrådet AU vidarefører ordninga der skifte av sekretariatsleiar følgjer skifte av leiar i Vestlandsrådet, og har kontorstad i same fylke. Rolla vert tildelt og ivaretatt av den faste kontaktpersonen som er utnemnd i kvart fylke.Dei faste kontaktpersonane som ikkje har sekretariatsleiarrolla, understøtter og bidreg i det administrative arbeidet i Vestlandsrådet.
- 3.Den faste fordelinga av administrative oppgåver gjer det nødvendig medendring av ordlyden i Samarbeidsavtalen, og denne vert framlagt i neste møte i Vestlandsrådet.

PS 04/24 Endringar i Samarbeidsavtalen

Vestlandsrådet - arbeidsutval 14.03.2024

Innstilling:

Vestlandsrådet AU innstiller positivt til dei føreslegne endringane i Samarbeidsavtalen, og ber om at dette leggast fram for Vestlandsrådet i neste møte.

PS 05/24 Neste møte i Vestlandsrådet - innhald og sakliste

Vestlandsrådet - arbeidsutval 14.03.2024

Vedtak:

Opplegg til møtet med stortingsbenkane og tematikk tilknytt NTP 10.04.2024 vart drøfta. Dei 3 fylkesordførarane vart samde om at dei samsnakkast og blir einige om å samordne innleiinga(ne) til møtet.

Fylka var og einige i å sende ei puring/påminning om møtet til Stortingsbenkane rett etter påske. Det var ingen merknader til den foreløpige saklista til møtet i Vestlandsrådet same dag.

PS 06/24 Deltaking Arendalsveka

Vestlandsrådet - arbeidsutval 14.03.2024

Vedtak:

Deltaking i Arendalsuka vart drøfta, og ein vart einige om å la administrasjonen utreie og utarbeide forslag til mogleg arrangement, inkludert forslag til innhald og budsjett. AU var klar på at tema i arrangementet måtte være noko av nasjonal interesse.

PS 07/24 Byregionane – hovudtema på møte i Vestlandsrådet 21.08.2024

Vestlandsrådet - arbeidsutval 14.03.2024

Vedtak:

AU var einige i at det kunne arrangere eit årleg møte der storbyregionane vart invitert inn, slik innstillinga tilseier. Det vart presisert at byregionane må komme med innspel til sakslista.

1. Vestlandsrådet AU stiller seg positiv til at storbyane Bergen, Stavanger og Ålesund inviterast til eitt møte årleg der byregionale saker blir diskutert innan ein kontekst av moglegheiter, utfordringar og kva ein kan få til saman.

2. I møtet i Vestlandsrådet 21.08.2024 blir dette hovudtema i tillegg til ordinære saker. Storbyane samordne seg og foreslår saker til denne delen av møtet.

PS 08/24 Møteplan for AU 2024

Vestlandsrådet - arbeidsutval 14.03.2024

Vedtak:

1. Vestlandsrådet AU ber om at følgande datoar vert lagt inn i kalenderen for AU-møter resten av 2024:

13.06.2024

14.08.2024

09.10.2024

27.11.2024

2. Møta vert gjennomført som digitale møter, kl. 0900-1000.